

Hardangervidda

Det største høgfjellsplatået i Nord-Europa



Kafferast i Kvennadalen

Det største høgfjellsplatået i Nord-Europa

Hardangervidda er eit særleg verdifullt høgfjellsområde, og er Noregs største nasjonalpark. Området er viktig som tilhaldsstad for dei største villreinflokkane i Europa, og dei største delbestandane av mange fåtalige fugleartar i Sør-Noreg. Vidda byr på eit stort plantemangfald i skjeringspunktet mellom austlege og vestlege artar (kyst – innlandsartar). Fjellvidda med dei tusen sjøar er og eit eldorado for fjellvandrarar med telt og fiskestong. Spor etter mennesket sin bruk av naturen er framtredande på Hardangervidda, både som sleper/ferdselsvegar, buer og stølar. Jakt og fiskeressursane vert i dag aktivt utnytta av dei som bur rundt vidda.



Overnatting på vidda



NATUROPPLEVING

Med telt og fiskestong

Hardangervidda er eit eldorado for fjellvandrarar med telt og fiskestong. Området er kjent for sine mange fiskerike vatn og vassdrag med fin fjellaure. Det finst flust av merka stiar og fleire betente, sjølbetente og ubetente turisthytter. Det er og høve til jakt på vidda. Hugs fiskekort og jaktkort.





LANDSKAP

Frå havbotn til fjellvidde

Hardangervidda er eit typisk høgfjellsplatå med lange flyer og bølgjande fjellparti. Berre i vest er fjella meir dramatiske. Det harde grunnfjellet i dei søraustre delane av nasjonalparken er restar av eit over 1 milliard år gammalt fjellandskap. Fjella forvitra og havet fløymde over slettene. Dei kalkrike bergartane i nordvestre delar av området vart avsette på havbotnen for 450-600 millionar år sidan. Seinare vart dei dekte av ei stor samanhengande fjellplate, "Skyvedekket". Havbotnen og skyvedekket vart pressa og folda, og eit nytt fjellandskap steig opp av havet. Hardangerjøkulen og Hårteigen er restar av denne fjellkjeda, som spesielt under istidene igjen vart slipt ned til grunnfjellsunderlaget.




Høst



PLANTELIV

Vindblåste heiar

Som følgje av berggrunn og klima vekslar vegetasjonen frå dei vestlege til dei austlege delane av vidda. Den vestre delen har meir nedbør og jamnare temperatur, slik at planteproduksjonen vert stor. Austvidda er langt mindre frodig. I snøfattige strok med mager berggrunn er vindblåste heiar ein vanleg naturtype.



Kartlav



Røyskatt

Gammel hustuft



TEIKNFORKLARING

- Fylkesgrense
- Nasjonalpark
- Landskapsvernområde
- Naturreservat
- Parkering
- Overnatting
- Servering
- Nasjonalparksenter
- Campingplass
- Betent turisthytte
- Sjølvbetent turisthytte
- Ubetent turisthytte

N

0 km 5 10 km

Formgiving og digital kartografi: Gåsvatn kart-tjenester, www.kart-tjenester.no Digitale kartdata: Statens kartverk N250. Tillatelse nr. MAD12002-R125240



Villreinflokk på Hardangervidda

Lappspurv



DYRELIV

Dei største villreinflokkane i Europa

Hardangervidda vart isfri for om lag 9 000 år sidan. Lavdekket etablerte seg på den nakne marka og gav næringsgrunnlag for reinen. Frå vinterbeiteområda på austvidda trekkjer dei store villreinflokkane kvar vår vestover, der mykje nedbør og næringsrikt jordsmonn gjev gode sommarbeite med saftig gras for både rein og bufe. Tidleg i mai kjem dei drektige simlene fram til kalvingsområda på sør- og vestre delar av vidda. Vert reinen uroa då, kan det få store følgjer. Bukkar og ungdyr trekkjer ned og beiter i bjørkeskogen.

Utover sommaren er reinen på flukt frå mygg og brems, og fleire tusen dyr kan då vere samla på snøfonnene i høgare lende. Etter brunsten om hausten trekkjer dyra austover til dei forblåste lavheiene. Det er tilgangen på vinterbeite som set grenser for reinbestanden på Hardangervidda. Målet for villreinforvaltninga er å stabilisere vinterstamma slik at ho er tilpassa beiteressursane.

Samanlikna med andre fjellområde i Sør-Noreg er det den flate utforminga med talrike vatn og våtmarker som kjenneteiknar Hardangervidda. Av den grunn finn vi her dei største og viktigaste bestandane av mange andefuglar og andre våtmarksartar i landsdelen, særs viktige er hekkebestandane av storlom, bergand, sjøorre, svartand, boltit, temmincksnipe, dobbeltbekkasin og fjellerke.


Kvitno


Viddafisk


Fjordinger på beite. Hårteigen i bakgrunnen

HISTORIE

Mennesket og vidda

Truleg kom mennesket til Hardangervidda samstundes med reinen etter siste istid. Det er funne om lag 250 steinalderbuplassar – den eldste frå ca. 6 300 f.Kr. Folk skifta truleg bustad etter reinen sine vandringsruter. Mange av buplassane ligg ved flaskehalsar i landskapet der reinsflokkane på sine vandringar vart trengde saman, ofte ved innsjøar og vatn. I den eldste tida jakta dei med pil og boge, seinare nytta dei og drivfangst og og dyregraver. Det botaniske materialet viser at vidda i periodar av steinalder hadde spredt skog/ tre opp til 1100 - 1200m. Funn frå steinalderutgravingar viser at dei jakta rein og rype, men her er og bein av elg og aure.

Dei gamle ferdselsvegane (slepene) som kryssar vidda, har vore viktige bindeledd mellom Austlandet og Vestlandet. Vel kjent er den store Nordmannsslepa som går frå Veggli i Numedal til Eidfjord, med forgreiningar til Hol og Uvdal. Jakt- og fiskebuer, felæger og stølar ligg på vidda som minne om ei tid med harde levekår, då ressursane på Hardangervidda var ei naudsynt del av livberginga.

Også i våre dagar er naturressursane på vidda av stor verdi for bygdene omkring. Nasjonalparken skil seg frå andre nasjonalparkar i Noreg ved ein sterk brukstradisjon og med mange bygningar og mykje privat grunn. Dette gjer at det er mykje motorisert ferdsel knytt til hausting av ressursar og vedlikehald av bygningar i tillegg til drift av turisthytter. Store saueflokkar vert kvart år sleppte på beite, og fiske og jakt er kjelde til avkopling og matauk for mange.



I ein nasjonalpark er du naturens gjest

- Gå der du vil, på beina eller på ski.
  Alt som har motor er i utgangspunktet forbode.
- Rast der du vil, nytt gjerne telt for overnatting.
  Rydd opp etter deg, og ta med bosset heim.
- Du kan gjerne tenne opp bål, men hugs det generelle forbodet mot bålbrenning i skogsmark mellom 15. april og 15. september.
  Vis omsyn når du sankar ved.
- Du kan plukke bær, sopp og vanlege plantar til eige bruk. Vis omsyn til kulturminne, vegetasjon og dyreliv. Ta ekstra omsyn i hekke- og yngletida.
- Jakt og fiske er tillate som elles.

  Hugs jakt-/fiskekort. Ikkje bruk levande fisk som agn. Du må heller ikkje ta med deg levande fisk frå eitt vassdrag til eit anna.
- Du kan ta med deg hund, men hugs bandtvang i perioden 1. april til 20. august.



Solnedgang over vidda

Kort om Hardangervidda nasjonalpark

Kvar: Odda, Ullensvang, Eidfjord, Hol, Nore og Uvdal, Tinn og Vinje kommunar, Hordaland, Telemark og Buskerud fylke.

Fremste særpreg: Vidstrakte vidder, sterke brukstradisjonar og villrein.

Friluftsliv: 7 betente turisthytter, 5 sjølvbetente. Gode moglegheiter for lange vandringsturar, jakt og fiske.

Slik kjem du til Hardangervidda nasjonalpark
Tog til Geilo, Ustaoset eller Haugastøl.
Rv. 7 over Hardangervidda, fleire stopp og avkøyringar til nasjonalparken.
Rv. 40 frå Nore Uvdal til Geilo, fleire stopp og avkøyringar til nasjonalparken.
Rv 364 over Tinn Austbygd. Ta av til Breisetdalen til parkering ved Stegaros. eller Synken. Båt over Mårvatnet frå Synken til Mårbu.
Rv. 37 til Møsvatn. Båt vidare til Mogen turisthytte.
E 134 frå Haukeli til Jøsendal, fleire stopp og avkøyringar til nasjonalparken.
Stamveg 13 frå Jøsendal til Brimnes, fleire stopp og avkøyringar til nasjonalparken.

Informasjon om overnatting og servicetilbod:
Sjå kartet. Lokale turistkontor i kvar kommune. Av større destinasjonar er Destinasjon Eidfjord AS, tlf 53 67 34 00; www.visiteidfjord.no

Kart: Turkart Hardangervidda 1:100000; tosidig med Vest- og Austvidda. Fleire kart i 1:50 000

Opprettet: 1981

Areal: 3422 km²


Tilliggjande verneområde: Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde, Møsvatn Austfjell landskapsvernområde, Bjoreidalen naturreservat.

Nasjonalparksenter:
Hardangervidda natursenter Eidfjord, tlf 53 66 59 00,
www.hardangervidda.org
Hardangervidda nasjonalparksenter, Møsvatn tlf 35 09 57 00

Forvalting og oppsyn:
Fylkesmannen i Hordaland, tlf. 55 57 20 00,
Fylkesmannen i Buskerud, tlf. 32 26 66 00,
Fylkesmannen i Telemark, tlf. 35 58 61 00,
Tilsynsutvalet for Hardangervidda i Hordaland tlf. 53 67 15 00
Tilsynsutvalet for Hardangervidda i Buskerud tlf. 32 74 27 00
Tilsynsutvalet for Hardangervidda i Telemark tlf. 35 08 11 70
Statens naturoppsyn Rødberg tlf. 32 74 46 85
Statens naturoppsyn Skinnarbu tlf. 35 08 12 51
Statens naturoppsyn Eidfjord tlf. 53 66 51 75

Meir informasjon: www.norgesnasjonalparker.no

NORGES
NASJONALPARKER



Norges nasjonalparkar – natur som får vere seg sjølv

I nasjonalparkane er det naturen sine lover som gjeld. Det er naturen sjølv som er det viktigaste, og naturen skal få følgje sitt eige tempo. Vi opprettar store nasjonalparkar for å ta vare på store naturområde – frå hav til fjell. For naturen si eiga skuld, for oss og for komande generasjonar.

Nasjonalparkane byr på eit mangfald av opplevingar. Flott og variert natur, jakt, fiske, plantar, dyr og kulturminne.

Nytt høvet – gjer deg kjent med naturen og nasjonalparkane våre!

Direktoratet for
naturforvaltning
www.dirnat.no

TE1190
Gurl Jernstad AS. ORKSET™
Foto: Knut Nyhenl, Tom Schandy og Ove Bergersen/NN/Samfoto, Mari Lise Sjong, Kvetkisfiske på Hardangervidda.